

# Digital praksis (DIP) i dei kommunale barnehagane i Time kommune



## Innhold

Bakgrunn .....	3
Føremål med planen .....	4
Dagens digitale situasjon .....	4
Den digitale infrastrukturen er .....	5
Personalet sin kompetanse .....	6
Pedagogisk bruk av teknologiske verktøy saman med barn .....	6
Målgruppe for Digital praksis (DIP) i Time kommune .....	6
Rollar i DIP .....	7
Barnehagesjef .....	7
Styrrar .....	7
Pedagogisk leiar .....	7
Barne- og ungdomsarbeider/assistent .....	7
Nettverk for digitale ressurspersonar .....	7
Avdeling for Digitalisering og utvikling .....	7
Kommunikasjon med føresette .....	8
TILTAKSPLAN - digital praksis i Time barnehagane .....	9
Barn med digital erfaring .....	9
Kompetente tilsette .....	10
Kommunikasjon med føresette .....	11
Sikra god infrastruktur i alle barnehagane .....	11
Kilder .....	12

## Bakgrunn

Me lever i eit samfunn i stadig teknologisk endring og utvikling. For å dra nytte av moglegheitene dette gir er det nødvendig å sikra at tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å kunna bruka teknologien på ein medviten og god måte. Dette kan utfordra etablerte arbeidsmetodar og haldningar, men kan óg føra til nye løysingar og måtar å tenka på.

I Samfunnsdelen i kommuneplanen for Time kommune er det ei målsetting at ein tar i bruk ny teknologi for å forbetra og forenkla arbeid og tenester. Kommunen skal testa og ta i bruk nye teknologiar og vera ein aktiv deltakar i digitaliseringsarbeidet som skjer i det offentlege på tvers av kommunar og forvaltningsnivå.

I Strategiplan for oppvekst 2016-2022 har ein ei målsetting om å ha medarbeidarar med digital kunnskap og kompetanse, og teknologiske verktøy og infrastruktur som er tenlege i samtida. Teknologiske verktøy skal verta brukt aktivt i læring og utvikling.

Kvalitetsplanen for barnehagane inneheld mål om at bruk av teknologiske verktøy i barnehagen skal støtta opp om barn sine læringsprosessar og gje barn moglegheit til å utforska, leika, læra og undra seg. Personalet må ha ei aktiv rolle saman med barna ved bruk av teknologiske verktøy, og barna skal nytta dei teknologiske verktøya på ein utforskande, kreativ og skapande måte.

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver stiller krav om at alle barn skal få erfaring med bruk av teknologiske verktøy i løpet av den tida dei går i barnehagen. For at barnehagane skal klara å ivareta å gje barna digitale erfaringar og ferdigheiter, må me leggja til rette for at barnehagane er rusta til å møta dette gjennom kompetanseheving hos personalet.

FN har ein eigen barnekonvensjon som beskriv rettigheter som gjeld alle barn i verda. Spesielt aktuelle artiklar i samanheng med denne planen er:

- Artikkel 2 om diskriminering
- Artikkel 12 om barns rett til å gje uttrykk for si meining
- Artikkel 13 om ytrings- og opplysningsfriheit
- Artikkel 16 om privatliv, ære og omdømme
- Artikkel 17 om massemedia

Alle barn vil møta ulike teknologiske verktøy i løpet av oppveksten. Barn kjem til barnehagen med ulik familiebakgrunn og ulik erfaring med teknologiske verktøy, og får dermed ulike forutsetningar og kompetansar inn i utdanningsløpet. Barnehagane skal vera ein arena kor barn får like moglegheiter og erfaringar uavhengig av bakgrunn. Ved overgang frå barnehage til skule er det ønskeleg at alle komande elevar skal ha kjennskap til digital dømekraft og hensiktsmessig bruk av teknologiske verktøy.

Verdens Helseorganisasjon (WHO) kom i 2019 med råd om aktivitet og skjermbruk. Helsedirektoratet har i stor grad kopiert råda og kom i 2022 med [nye nasjonale faglige råd](#) for fysisk aktivitet og tid i ro. Der slår direktoratet fast at skjermtid, som for eksempel TV, dataspill, nettbrett eller mobil, vert fraråda for eittåringar.

Råda gjeld ikkje viss skjerm vert nytta bevisst i læringsøyemed, og direktoratet minner om at det er forskjell på kva som vert gjort “dagleg eller vanlegvis”, og det som vert gjort “av og til eller ein sjeldan gong”. Time kommune følger nasjonale råd.

## Føremål med planen

Me ser eit behov for å setta arbeidet med digitalisering i barnehagane i system for å vera i stand til å oppfylle krav i rammeplan for barnehagar og lokale planverk. Me ønsker å kvalitetssikra alt frå infrastruktur til pedagogisk bruk av teknologiske verktøy.

### Planen skal bidra til at:

- Barnehagane i Time kommune har ein digital praksis i tråd med gjeldande lov- og planverk
- Barnehagane bidrar til å jevna ut sosiale ulikheiter hos barna ved å gje alle barn moglegheit til å bli kjent med ulike teknologiske verktøy før skulestart
- Tilsette har kompetanse til å nytta teknologiske verktøy administrativt og i pedagogisk arbeid saman med barn
- Barnehagane legg til rette for at alle barn får erfaring med digital teknologi i undring, leik, utforsking og læring
- Barnehagane nyttar digitale kanalar for å sikra god og effektiv informasjon og kommunikasjon med føresette
- Forskjellar mellom barnehagane når det gjeld infrastruktur og tilgang på utstyr vert mindre
- Barnehagane har tilsette med digital dømekraft som legg til rette for at barn og unge får eit reflektert forhold til bruk av digitale media

## Dagens digitale situasjon

I februar 2022 blei det gjennomført ei intern kartlegging rundt digitalt utstyr og bruk av teknologiske verktøy i alle barnehagane i Time kommune. Undersøkinga var uformell og vart brukt til å få oversikt over den digitale tilstanden i barnehagane. Alle tilsette kunne delta og det vart blant anna spurt om kva dei hadde av teknologiske verktøy, korleis dei vart nytta som arbeidsverktøy og i pedagogisk arbeid saman med barna. I tillegg blei dei spurt om å vurdere barnehagen sin samla digitale kompetanse, kjennskap til GDPR og kreativ utforsking saman med barn.

Resultata av kartlegginga synte at mengde digitalt utstyr er varierende frå barnehage til barnehage. Arbeid med teknologiske verktøy har hatt ulik prioritet, og dermed er det også ulik tilgang på digitalt utstyr i barnehagane. Fram til nå er det barnehagen si leiing som har bestemt innkjøp av type og mengde utstyr. Målet er å jamna ut desse forskjellane.

Ein kunne óg sjå at kreativ og utforskande bruk av teknologiske verktøy saman med barn var eit område med stort utviklingspotensiale. To av barnehagane som deltok i kartlegginga har sidan 2019 deltatt i eit digitalt utviklingsprosjekt, PUST (profesjonsfagleg utviklingsprosjekt i Stavanger og Tromsø), og resultat i kartlegginga synte at dei tilsette i dei to barnehagane i større grad nytta teknologiske verktøy saman med barna enn i dei andre barnehagane. Det gir grunn til å tru at dei tilsette sin profesjonsfaglege digitale kompetanse er avgjerande for i kva grad det vert jobba med teknologiske verktøy saman med barna. Profesjonsfagleg digital kompetanse handlar om å forstå korleis digital teknologi påverkar oss og kan endra og utvikla innhaldet i fagområda, korleis teknologien kan berika og utvida praksisen til barnehagen, samtidig som me møter den med sunn skepsis og eit kritisk blikk. Dette er ein brei og samansett kompetanse som er nødvendig for å kunna gjera informerte val på eit fagleg grunnlag og handlar om mykje meir enn å kunna handtera ei datamaskin, eit nettbrett eller eit kamera reint teknisk (Bølgan, 2018).

Gjennom PUST deltakinga har me hatt samarbeid med førsteamanuensis Marianne Undheim, som har gitt fagleg påfyll til arbeidet med digital praksis.

Den digitale infrastrukturen er i dag litt varierende i dei kommunale barnehagane. Dette gjeld kvaliteten på trådløst nettverk, mengde digitalt utstyr og vedlikehald.

For å sikra god infrastruktur er me avhengige av å ha eit godt samarbeid med Digitalisering og utvikling. Barnehagane har hatt lite uttalte mål for arbeidet med teknologiske verktøy, og derfor er det óg uklårt kor det er behov for support, og kva verktøy/program som treng vedlikehald. Planen skal bidra til å setta dette i system. Det vert lagt opp til eit systematisk samarbeid mellom fagstab og Avdeling for digitalisering og utvikling og barnehagane. Roller og ansvar skal koma tydelegere fram.

Alle barnehagane har trådløst nettverk i bygget, men enkelte barnehagar opplever innimellom mindre god dekning, noko som kan rettast opp med å leggja inn fleire kabla nettverkspunkt for bruk til trådløst nettverk. Manglande kabling kjem dels av bygningsmassen, samt at det fram til no ikkje har våre behov for nettverkstilgang i heile barnehagebygget. Nettverksutstyret er av nyare dato. All oppdatering av nettverk skjer i samarbeid med avdeling for Digitalisering og utvikling.

Barnehagane bruker per i dag iPad. Desse er administrert gjennom kommunen sitt MDM (Mobile Device Management). Det kan til dømes berre leggest inn nye appar på den enkelte Ipad gjennom MDM-løysinga. Ein sikrar dermed god oversikt og vedlikehald av desse. Bruk av eit MDM vil letta arbeidet med å sikra at ein er i tråd med gjeldande regelverk, og ivareta retningslinjer i henhald til GDPR.

Personalet sin kompetanse er avgjerande for at teknologiske verktøy skal bli ein naturleg og integrert del av det pedagogiske arbeidet saman med barna. Digital kompetanse omfattar mellom anna to viktige områder; digital døme kraft og digital kreativitet. I dag er det ulike kompetansenivå i personalet, både mellom ulike barnehagar og innad i den enkelte barnehage. Tiltaksplanen skal bidra til å utjevna desse forskjellane gjennom kurs og workshops på felles plandag våren 2023, i tillegg til systematisk oppfølging frå fagstab.

Funn i kartlegginga:

- Teknologiske verktøy vert i stort grad brukt som arbeidsreiskap for tilsette
- Barnehagane har gode rutinar for kritisk bruk av bilde på nett og i dokumentasjonsarbeid
- Eigenvurdering av personalet sin kompetanse blei vurdert til middels god

Pedagogisk bruk av teknologiske verktøy saman med barn er ei målsetting i Rammeplan for barnehagar. Kreativ bruk av teknologiske verktøy saman med barn varierer frå barnehage til barnehage, og innad i same barnehage. Det er eit mål å i satsinga utjevna desse forskjellane.

Funn i kartlegginga:

- Barnehagane har variert utvalg av digitalt utstyr, noko som begrensa bruk av teknologiske verktøy saman med barn
- Barnehagane har lite utstyr til bruk direkte saman med barn
- Kreativ bruk av teknologiske verktøy saman med barn skårer gjennomgåande lågt

## Målgruppe for Digital praksis (DIP) i Time kommune

Den primære målgruppa for denne satsinga er alle tilsette i kommunale barnehagar i Time kommune. I tillegg vil dei private barnehagane få tilbod om å delta på felles plandagar, workshops og anna kompetanseheving.

Under utarbeiding av planen er hovudtillitsvalte i Utdanningsforbundet og Fagforbundet informert om innhald og prosess for å ivareta dei tilsette sine interesser og rettigheter.

## Rollar i DIP

### Barnehagesjef

Barnehagesjef har ansvar for å leggja til rette for at barnehagane har tilstrekkeleg kompetanse og utstyr, og for å forankra arbeidet i økonomiplan. Barnehagesjef skal følgja opp at barnehagane sitt arbeid med teknologiske verktøy er i henhold til gjeldande rammeplan og lovverk, og sikra at dei tilsette har stort fokus på digital dømekraft i arbeidet. Hen har eit tett samarbeid og god dialog med Digitalisering og utvikling kring den digitale utviklinga i barnehagane.

### Styrrar

Styrrar har oversikt over barnehagen sitt utstyr og programvare, og melder behov knytt til utstyr og infrastruktur til Digitalisering og utvikling via helpdesk. Styrrar er opptatt av haldningsskapande arbeid blant barn, tilsette og føresette. Leiaren følger opp og legg til rette for utvikling av dei tilsette sin profesjonsfaglege digitale kompetanse på lik linje med andre fag- og kompetanseområder, og har stort fokus på dei tilsette sin digitale dømekraft.

### Pedagogisk leiar

Ein profesjonsfagleg digitalt kompetent pedagog planlegg, tilrettelegg, leiar og evaluerer pedagogisk bruk av teknologiske verktøy. Pedagogen bidreg til at barn deltar i utforsking og kreativ bruk av digitale aktivitetar, og har fokus på at barna skal ha eit reflektert forhold til bruk av teknologiske verktøy. Pedagogen inspirerer til bruk av digital teknologi og digitale læringsressursar.

### Barne- og ungdomsarbeider/assistent

Barne- og ungdomsarbeider/assistent bidreg til at barn får delta i utforsking og kreativ bruk av digitale aktivitetar, og deltar i kreative digitale aktivitetar. Dei motiverer, rettleiar og inspirerer til bruk av digital teknologi og læringsressursar.

### Nettverk for digitale ressurspersonar

Kvar barnehage skal vera representert med ein ressurs, "digi-ressurs", i eit nettverk for digital praksis i barnehagen. Digi-ressursen skal gjennom kompetanse, haldningar og interesse vera ein aktiv pådriver for den digitale utviklinga i barnehagen. Hen vil vera barnehagen sin kontaktperson mot Digitalisering og utvikling.

### Avdeling for Digitalisering og utvikling

Bistår barnehagesjef og fagstab med val og innkjøp av standardmodellar på utstyr og løysingar. Oppdaterer og gir support på programvare. Evaluering av risiko ved ulike løysingar. Deltar på digitalt nettverk for barnehagane ved behov.

## Kommunikasjon med føresette

For å sikra eit godt og trygt samarbeid mellom barnehage og føresette er det viktig med gode kanalar for kommunikasjon og dokumentasjon. Alle dei kommunale barnehagane nyttar i dag den digitale kommunikasjonsløysinga MyKid. Mykid vert brukt i dagleg kommunikasjon med føresette, registrering av barn sitt oppmøte/fråvær i barnehagen, dokumentasjon av aktivitetar som føregår, innhenting av løyver frå føresette. Mykid kan i tillegg nyttast til å senda korte beskjedar mellom barnehage og føresette og påmelding til aktivitetar.



## TILTAKSPLAN - digital praksis i Time barnehagane

### Barn med digital erfaring

- Sikra at alle barn får erfaring med ulike typar teknologiske verktøy
- Alle barn får erfaring med digital teknologi i undring, leik, utforsking og læring
- Jevna ut sosiale ulikheiter
- Auka barnas digitale dømekraft

Mål/Behov	Tiltak
Barnehagepersonalet skal leggja til rette for at barn får erfaring med digital teknologi i undring, leik, utforsking og læring  Legga til rette for aktivitetar med digital teknologi som tar utgangspunkt i barna sine interesser og kunnskapar.	Gje barna varierte erfaringar som aktive brukarar av digital teknologi som eit verktøy, f.eks.: <ul style="list-style-type: none"><li>• i skapande aktivitetar med digital teknologi (teikna, lydopptak, laga avis/bok/ teiknefilm/fortelling/ animasjonsfilm m.m.)</li><li>• i problemløysande aktivitetar med digital teknologi (programmering/ koding, ulike appar)</li><li>• eit verktøy for utforsking (f.eks. digitalt mikroskop)</li></ul>
Barnehagepersonalet skal leggja til rette for at barn og unge får eit reflektert forhold til bruk av digitale media (digital dømekraft)  Legga til rette for barns aktive deltaking og medverknad ved fotografering og bildedeling.	Samtale med barna om ulike sider vedrørande digitale medie (personvern, passord etc) i situasjonar der det er naturleg
Barnehagane skal ha plan for korleis dei arbeider med teknologiske verktøy i dei ulike aldersgruppene	Aktivitetane skal vera tilpassa barna ut frå alder og modning

## Kompetente tilsette

- Tilsette har kompetanse som gjer dei i stand til å nytta teknologiske verktøy, både administrativt og pedagogisk
- Dei tilsette skal ha digital dømekraft, kritisk refleksjon knytt til personvern, nettvett og opphavsrett
- Støtta leiarar og tilsette i barnehagane i Time i arbeidet med å utvikla digital kompetanse for å forhindra digitalt utanforskap hos barna i barnehagane

Mål/Behov	Tiltak
Tilsette med digital dømekraft og kunnskap om personvern og informasjonssikkerheit (GDPR)	Styrka personalet sin kunnskap og bevisstheit om digitale media og digital dømekraft gjennom kurs, workshops, diskusjonar og lærande nettverk
Tilsette som er bevisste og som har kunnskap om teknologi som arbeidsverktøy i barnehagen	Bli kjent med og ta i bruk kompetansepakkene frå Udir
Tilsette som bruker teknologiske verktøy på varierte måtar i læring, utvikling og i tverrfagleg samarbeid (fokus på tilsette)	Testa ulike tilnærmingar og utprøving av ulike teknologiske verktøy (fokus på didaktikk, metodikk og implementering)
Oppretta nettverksgruppe på tvers av barnehagane	Dela gode praksisfortellingar med bruk av digital teknologi for å inspirera kvarandre.
Tilsette med profesjonsfagleg digital kompetanse, som nyttar teknologiske verktøy i undring, leik, utforsking og læring saman med barna	Gje varierte og konkrete erfaringar med ulike teknologiske verktøy og konkretisera kva profesjonsfagleg digital praksis er gjennom praktisk utprøving og diskusjon.  Nytta og dela kompetansen ein får via deltaking i PUST
Sikra at det er samanheng i planverk og arbeid som føregår i barnehage og skule knytt til digital praksis	Samarbeid med tilsette på skule gjennom til dømes nettverk, felles kompetanseheving
Legga til rette for opplæring, etter- og vidareutdanning innan digital kunnskap og kompetanse	Kompetansepakker Udir MOOC (massive open online courses) PUST Kunnskap om Mykid, EIK, M365

## Kommunikasjon med føresette

- Sikra god og trygg kommunikasjonen med føresette gjennom den digitale løysinga MyKid
- Gode og effektive løysingar for pedagogisk dokumentasjon av barnehagens innhald
- Dela kunnskap og kompetanse om barn og teknologi med føresette

Mål/Behov	Tiltak
Dagleg informasjon og samarbeid	MyKid
Informasjon om digitalt arbeid som foregår i bhg	Få kjennskap til kva "digital praksis i barnehagen" faktisk er Foreldre få testa utstyr som barna bruker gjennom til dømes workshop for foreldre
Dela kunnskap og kompetanse om barn og teknologi med føresette	Foredrag om digital dømekraft, skjermtid og liknande

## Sikra god infrastruktur i alle barnehagane

- Barnehagane skal ha trådløst nettverk tilpassa dagens behov
- God informasjonsflyt og struktur i samarbeid med avdeling for Digitalisering og utvikling
- Gode rutinar for support og vedlikehald av infrastruktur og utstyr via help desk.
- Alle barnehagane skal ha tilstrekkeleg digitalt utstyr tilgjengeleg.

Mål/Behov	Tiltak
Ståstadsanalyse	Jamleg kartlegging av Digital praksis i barnehagane
Trådløst nettverk tilpassa dagens behov	Oversikt over tilstand på trådløst nettverk i barnehagane i samarbeid med Digitalisering og utvikling
Ha teknologisk minimumsstandard for teknologiske verktøy til administrativ og pedagogisk bruk.  Verktøy og infrastruktur må vera oppdatert og ivareta informasjonssikkerheit og personvern	Ipad- leasing (byttes ut hvert 4. år)  Innkjøp av teknologiske verktøy, hardware, software skjer i samarbeid med Digitalisering og utvikling  Applikasjonar via eit MDM
Innkjøp av utstyr i tillegg til minimumsstandard	Barnehagane må prioritera innkjøp av utstyr dersom dei har behov utover minimumsstandard av nødvendig utstyr til både pedagogisk og administrativ bruk utover minimumsstandard

## Kilder

- [Samfunnsdelen i kommuneplanen for Time](#)
- [Strategiplan for Oppvekst i Time kommune](#)
- [Kvalitetsplan for barnehagane i Time kommune](#)
- [Rammeplan for barnehager](#)
- [Barnekonvensjonen](#)
- [Helsedirektoratet](#) om skjermtid
- [WHO](#) om skjermtid
- [Sandnes kommune sin handlingsplan for digital praksis](#)